

Emnenr. 36

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Toknedal

Emne: Helsing, fakter og åtferd. Bygdelag: Sørbyggda

Oppskr. av: Ola E. Sænsås Gard: Sænsås

(adresse): Toknedal G.nr. 34 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, Gardsarbeidar, 24 år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Folk kan gje uttrykk for ja med å bukke med hovudet, og dei kan gje uttrykk for <sup>nei</sup> ja ved å riste på hovudet eller ved å snu innsida av handflata framfor seg i mot den ein svarar. Det er eit uttrykk som seier at han eller ho "slår itt handa imot". Det vil seia at dei svarar ja til det dei vert spurt eller bede om.

2. Det er ikkje vanleg at ein helsar på folk ein ikkje kjenner, men det er i motsetnad vanleg bruke å helsa til kjente ein møter.

3. Vanleg bruke er at den yngste helsar fyrst, og er det mann og kvinne som møtest, helsar mannen fyrst.

4. Var det tidleg på dagen sa ein "god morn" eller "morn", seinare på dagen "godav" eller berre "dav, daven", ved kveldstid "gokvell" eller "kvell".

2.

5. Det lygde jo noko age med at ein møtte prest eller embedsmann, men nokon serleg måte å helse på var ikkje vanleg.

6. Helsing med hūva under arma, eller med hatten i begge hender var ikkje vanleg her.

7. Om ein var kladd i høgtids- eller kvardagsklide, var helsinga den same.

8. Handhelsing vart helst brukt når ein treffe skjenningar som det var lenge sidan ein var i lag med. Det vart og handhilst på dei minste borna med.

9. Det å klappe kvarandre på skula til teken på venskap og glede er like vanleg. Det var helst mellom Lille folk det gjekk føre seg. Mellom kvinnfolk kunne det henda at dei klappa einannan på låra når dei sat og tala saman, og då kanskje helst når dei driv med slarv.

10. Om ein høyrde klokkinging så var det ikkje nokon særskild måte å se seg på.

11. Her har det jamt vore slik at

3.  
du har prøvd å unngå å møte lik-  
ferd og brureferd. Når du som var på  
vegane misste kva tid eit slikt fylgje  
var ventande, før du helst framom på  
ein gard og venta der til fylgjet hadde  
fare framom.

12. Det å helse på ting og dyr er  
ikkje vanleg her.

13. Ein seier "gomorn eller moru" utover  
til 10-tida, og "godav eller dagen" i  
den tid og til now ved 5-tida, og så  
"godkvell eller kvell" etter den tid.  
"Gonatt" seier ein når ein skils etter  
kveldstid.

14. Ein ser det ikkje som usomleg om  
ein seier godmorn i staden for goddag  
eller godkvell, for det er jo berre eit  
hendelig misstak.

15. Det finnst ikkje noko vist svar  
ved slike høve.

16. Ein er ikkje så nøye med  
helsinga no som før. "Gomorn eller moru"  
har nok fått ein briare plass, men  
elles er det no som før.

17. "Guds fred" har vore sers lite brukt  
her, men elles er "signe arbeidet", "signe  
skrevet", "signe kvita", "signe maken",  
"signe laget" vanlege uttrykk.

18. Flur har me útbrytek som: „sign  
dau, se lótek med dau, se lótek med  
júla og nýárit.“ Svör var: „sakki, og  
sakki i ligemáte.“ Lom svör þá  
útbrytek som nemd í pkt. 17 var det fór  
vanleg á sína „Gú sung“ (Gúð signe).  
Det fall or brúk fór omlag 15 ár síðan,  
som til da var brúkt av eldre folk.

19. Det er mykje vanleg at den framande  
tek oppat helsinga nær han kjem inn  
og, men med same ordlaget som úk.

20. Var det så at ein ville tala med  
húsfarun áline, så sa ein berre det at  
dei gjurve ville tala eit par ord med  
han þá to-mans hand. Det gjekk helst  
fóre seg þá den máttu at húsfarun  
fylgde med út nær den framande gjekk.

21. Fóir har det vore vanleg skikk á ikkje  
banka þá dora fóir ein gjekk inn, og det  
er lík brúkt enno. Fóir var det og  
mykje brúkeleg á verða stáande úk  
til dess ein kvann kom út og ba ein  
om á koma inn. Var det mörkt så  
gjekk ein inn med ein gong, men  
hadde ein líta tid så ein ikkje ville  
inn, banka ein þá dora eller vegg.

22. Di som inne var, svara mykje  
med same helsinga eller „Gú sung“,  
(sjá pkt. 18), og så sette di fram stól og  
ba den framande om „á sjá se á fá sett“

23. Den framande vart ståande ved døra til han vart beden om å setja seg; det vart rekna for dårleg opførsle å runna i veg å setja seg for ein vart beden om det.

24. Ein tok ikkje av seg hūva for ein hadde sett seg, og som jamnast hadde ein ho på seg hilt til ein vart beden til bords.

25. Folk som verita ved døra vart som for nevnt beden om å setja seg.

26. Ein gjorde ikkje skil på folk ved slike høve.

27.-28. Gleilt framande vart motteke som folk elles.

29. Innbudne gjestar vart helst motteke ute på tūnet der dei vart ynsket velkomne og beden om å fylgja med inn.

30. "Farvel" har vore vanleg helsing ved avskil, og om kvelden helst "godnatt".

31. a) Når nokon f. d. tok ut på ei ferde, så baud ferdefolka vanleg farvel altåt at dei takka for seg med handa. Dei vart verande alt baud "god tur, eller, løkk på resa" og "velkomne alt" og "dakk fe larva så vel". Ferdefolka svara med å seia "takke i ligemate".

6  
c) Vid trülig avskil for siste gong, var det berre vanleg helsing som nemd under a. Ein ga jo helst uttrykk for vona om å treffast enno ein gong.

32-38. Kyss har ikkje vore vanleg i samband med helsing her. "Gi munn" er vanleg uttrykk for å kysse.

Som Gleipord kunne ein si: "kyss meg bak, kyss meg i röva".

39. Dette med å "lytt nas" var brükt millom vaksne og born,

40. og alle vaksne kunne vera med på det.

41. Det å "stala nasen" åt borna var og ein vanleg skikk, men det var ikkje nokon særskild måte å gjera det på.

42. Det har og er vanleg at folk legg kjake mot kjake som kjartiken. Det heiter å "gje godkjek".

43. Det var og er brükt millom born og vaksne, og då kjölsakt millom born og foreldre. Millom vaksne er det mindre. Det må jo helst vera millom kjarustepar, og då skjer det jo ikkje for "open bene".

44-45. "Til lükke" heiter her: "Se lökke med". Det er brükt ved gebürsdag, bryllaup, jöl, barsöl og liknande høve.

7.  
46. Vid dødsfall og motgang hjalpste ein dei som var kome i ulykke så godt ein kunne. Noko serleg ordlag hadde ein ikkje.

47. Ein takka helst ved å seia takk. Men det kunne og verta takka med hand, og det var jo heilt sjölvsket for born. Men vaksne gjorde det og når dei til dømes hadde fått ei gave! Ved gjestebod var det slik at deiit takka kvarandre så langt dei rakk på bái sider av bordet. Var det så ein skúrke med så kunne han ordna seg slik at han takka motmannen rett over smörforma. Han rykte så til så motmannen køyde handa rett ned i smöret.

No er det slik at alle seier takk når dei stíg frá bordet. Svar på takk kunne vera: "Gü seng, velbekom, slit med helsa", alt etter kva ein takka for.

48. Når nokon er död er det "utlakking" i heimen på gravferdsdagen. Taler vert halden av prestén eller klokkaren, eller det kunne og vera læraren eller ein kristen lekman.

49. Ein kunne utbrytke vanvyrduad ved å geipa, kasta på hovudet eller snú seg vekk.

50. Her seier ein helst tú til kven som helst.

51. Ein seier ikkje "han" eller "ho" til dei ein taler med.